



ERESFJORD SMÅBÅTFORENING

6470 Eresfjord

Årsmelding lagt fram for årsmøte i 2021

Styret i 2020:

Vegard Øverås Lied	ledar
Bjørn Magne Øverås	kasserar
Jostein Øverås	styremedl.
Ståle Tjelle	styremedl.
Gjermund Frisvoll	styremedl.
Modolv Torhus	vara
Kim Ivo Lervold	vara

Styremøter

I koronaåret 2020 er det ikkje halde styremøter etter årsmøtet som var 28/2-20. Norge vart nedstengt 12.mars 2020 pga pandemien med Covid-19. Men det har vore tilfeldige kontakter mellom styremedlemmane i enkelte saker.

Medlemmer

Det har vore 51 medlemmer med båtplass i 2020. I tillegg har vi 19 betalande støttemedlemmar.

4 medlemmar har selt sine båtplassar. Dette er Arnt Ernes, Børge Rød, Finn Hammerø og Per Helge Rudi.

4 nye har kome til og kjøpt båtplassar. Det er Leif Helge Solhjell, Jon Arne Bugge, Frank Strifeldt og Harry Aasen.

Økonomi

Regnskapet viser eit regnskapsmessig overskott på litt over 52.000,- kroner.

Ved årsskiftet stod det knappe 242.000,- kroner på foreninga sin bankkonto.

Medlemskontingenten utgjør 21.800,- Innbetalt for dugnad for 2019 var 50.000,- kroner.

Viser ellers til revidert regnskap.

Aktivitet

Det har ikkje vore kalla inn til felles dugnad i 2020. Men det er sendt ut medlemsinformasjon 2 gonger, i mai og i oktober. Der har det vore lista opp konkrete arbeidsoppgåver som den enkelte kunne utføre, gjerne i samarbeid med andre. Noen av arbeidsoppgåvene er utført. Blant anna tømning av flytedunkar som var fulle av vatn. Rydding og innsetting av bord og benkar. Vasking av klubbhus og lysthus. Fjerning av vegetasjon ved moloen. Noe justering av fingrane på brygge aust. Utanom styret er det utført dugnadsarbeid av 11 medlemmar, tilsaman 84 timar.

Gangvegen til brygge aust har spora av fleire gonger og har vorte løfta inn igjen. Finjustering av kjettingfortøyningane kan vere løsingane.

Elles har det vore ein god del båtplassutleige som er administrert av styret. Det same gjeld salg og kjøp av båtplassar.



ERESFJORD SMÅBÅTFORENING

6470 Eresfjord

E-skatt

Etter at vi kom inn i «nye» Molde kommune vart vi pålagt eiendomskatt. Både for sjøve eiendommen/grunnen og hamna med båtplassar. Klubbhuset er friteke.

I 2020 betalte vi ca 7000,- kroner.

Småbåtforeninga har sendt formell klage på dette ettersom vi er ein frivillig organisasjon.

Ikkje ei næringsverksemd slik kommunen meiner vi er. Vi har ikkje fått svar, men kommunestyret har gjort vedtak i 2021 for alle småbåthamner i kommunen om unntak.

Styret følgjer opp denne saka.

For styret i Eresfjord Småbåtforening

19.mars 2021

Bjørn Magne Øverås